



MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 23.11.2012
Stad: Flå, Thon Hotel Bjørneparken

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Ingjerd Almås Anfinset,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Kjell Ålien,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar og Ulrikke Ytteborg møtte frå Hallingdal2020
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Tom Hauger og regionkontakt Terje Moen
- Rådmannsutvalet deltok i sak 54 – 56, 60

SAK 53/12 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 21.9.2012 OG 8.10.2012

Vedtak

Møteprotokoll 24.8.2012 vart vedteke.

Møteprotokoll for møte 8.10.2012 skal leggjast fram til neste møte.

SAK 54/12 ORIENTERING/DRØFTING; NY ØKONOMISK MODELL FOR VISIT HALLINGDAL MED KOMMUNAL DELTAKING I DIFT, SAMT KOMMUNALT EIGARSKAP

Hallingdal Reiseliv ved styreleiar Ragnhild Kvernberg, dagleg leiar Gunn Eliassen og orienterte om:

- Kort om situasjonen for reiselivet i Hallingdal.
- Arbeidet med «Visit Hallingdal»
- Forslag til modellar for kommunale fordelingsnøklar
- Kommunalt eigarskap

Forslag til eigarskap og modellar for kommunal fordelingsnøkkel vart drøfta. I overgangsperioden til «Visit Hallingdal» er på plass, vil det vera ein fordel at kommunane samordnar seg i forhold til modell for økonomisk støtte, slik at samla støtte blir etter intensjonane.

Presentasjon er lagt ved møtebok.

SAK 55/12 SAMARBEID KOMMUNE – POLITI, VEDR. «RUSKONTRAKTER»

Saka vart utsett, fordi den ikkje er endeleg handsama i rådmannsutvalet. Vil koma som sak i januarmøte 2013.

SAK 56/12 KONSOLIDERING AV MUSEUMSSEKTOREN I BUSKERUD, ORIENTERING/DRØFTING

I saka orienterte:

- Hans Bekkenleiar leiar i styre for stiftinga Hallingdal Museum
- Marit Mehlum, museumsstyrar Hallingdal Museum
- Britt Sande, museumsrådgjevar i Buskerud fylkeskommune

Argumentasjon for ein ny konsolideringsprosess er m.a. misforhold mellom musea sin faglege og økonomiske soliditet og kompleksiteten i dei museumsfaglege oppgåvane.

Hovudmålet er færre muse i kvart fylke med sterkare fagleg og økonomisk plattform.

Kulturdepartementet har eit ynskje om ytterlegare reduksjon i talet på muse i Buskerud.

Det blir signalisert at auka statleg driftstilskot er avhengig av ytterlegare konsolidering.

Prosessen med konsolidering av museumssektoren i Buskerud har ein stram framdriftsplan.

- Januar – april 2013
 - o Avklare modell for konsolidering
 - o Juridiske avklaringar
 - o Utarbeide organisasjonsplan
 - o Utarbeide driftsbudsjet
 - o Fellessamling for alle tilsette
- Mai 2013
 - o Ny konsolidering blir styrehandsama ved musea
 - o Ny konsolidering blir handsama i HUK
- Juni 2013
 - o Søknad om konsolidering blir sendt til Kulturdepartementet

Presentasjon er lagt ved møtebok.

Drøftingane gav ikkje eintydige signal på korleis kommunane ser for seg ein ny modell. Det er og nødvendig med avklaringar i forhold til eigarstruktur og bindingar i forhold til dagens og eventuell framtidig eigarstruktur. I den vidare prosessen er det viktig at kommunane i Hallingdal samordnar arbeidet.

SAK 57/12 HALLINGDAL 2020, PROSJEKTPLAN

Vedtak:

Regionrådet for Hallingdal vedtek prosjektplan for Hallingdal 2020, nov.2012.

SAK 58/12 PORTAL HALLINGDAL.NO

Vedtak

1. Det blir etablert ein felles nettportal for Hallingdal, www.hallingdal.no, i samband med prosjektet Hallingdal2020.
2. I fyrste omgang blir hallingdal.no etablert som eit 3-årig prosjekt, men med klar intensjon om permanent drift.
3. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 900.000 til etablering og drift av nettstaden hallingdal.no, i ein fyrste prosjekt/oppstartsperiode på 3 år.
Tilskotet blir finansiert av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2012.
4. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 150.000 til drift av hallingdal.no for ein prosjekt/oppstartsperiode på 3 år. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.
5. Kommunane i Hallingdal, Regionrådet for Hallingdal og kulturoordinator for Hallingdal er føreset at vil vera dei største bidragsytarane med eigeninnsats til hallingdal.no, i ein oppstartsfasen.

SAK 59/12 ORIENTERING SLUTTRAPPORT TRAFIKKTRYGGLEIK HALLINGDAL

Prosjektleiar for Trafikktryggleik Hallingdal, Knut Erik Jetlund orienterte om prosjektet, som no er avslutta som prosjekt.

Prosjektet kan syne til svært gode resultat, der målsettingane med ei halvering av drepne og hardt skadde på Rv7 og Rv52 i Hallingdal, er nådd.

Sluttrapport og videoar som er laga i samband med prosjektet er på: www.trafikktryggleik.no

SAK 60/12 EVENTUELTT

Modige MOT ungdom i Flå både sang og fortalte om kvifor vera med i MOT.



Ål 7.12.2012

for rådsordførar
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 54-12, presentasjon
- Sak 56-12, presentasjon